



Mål for forvaltning av elg, hjort, rådyr og bever i Sirdal 2019-2023

Hovudmål:

Sirdal kommune skal ha biologisk sunne bestandar av elg, hjort, rådyr og bever som utgjer ein rikdom i naturen. Bestandane skal være bærekraftige ut frå beitegrunnlaget og ikkje føra til uakseptable konflikhtar med trafikk, landbruksnæring eller friluftsliv. Innanfor desse rammene skal elg, hjort, rådyr og bever forvaltast til beste for verdiskaping, lokale jegerinteresser og allmenne naturinteresser.

Delmål:

Hjort

Sirdal kommune skal vera ein aktiv pådrivar for ei bestandsmessig forvaltning av hjort på tvers av kommune- og fylkesgrenser, basert på kunnskap om hjorten sine leveområder, arealbruk og sesongtrekk. Kunnskapsgrunnlaget må i denne samanheng styrkast.

Sirdal kommune ønsker å vere føre-var og bidra til å bremse veksten i hjortebestanden på Sørlandet. Kommunen har for perioden 2019 – 2023 set seg mål om å doble fellingstala på hjort, frå 40 felte hjort i 2018 til minst 80 felte hjort i 2023.

For å kunne oppretthalda hjorten sin gode kondisjon og gjera det lettare å få kontroll på veksten i bestanden, er det set mål om eit balansert jaktuttak med omsyn til fordeling på alderskategoriar og tilstrekkelig overvekt av hodyr i uttaket til å kunne oppnå og oppretthalda ei naturleg, eller nært opp til naturleg, kjønnsamansetning på 1,5 til 2 koller per bukk blant dyr som er to år eller eldre.

Gjennomsnittleg slaktevekt for 1,5-årig hjort skal haldast over 50 kg

Dersom hjortebestanden veks saktare enn venta, og det trass i eit vedvarande høgt og balansert jaktuttak med overvekt av hodyr, viser seg vanskelig å oppnå fellingsmålet, tek ein dette som eit teikn på at målsettinga om å bidra til å bremse bestandsveksten er oppfylt.

Elg

Med bakgrunn i at det fortsatt er registrert moderat overbeite på rogn, osp og selje, vert det for perioden 2019 – 2023 set mål om ein svak reduksjon i elgbestanden. Reduksjonen kan med fordel differensierast slik at hovudtyngda vert gjort i søre del av kommunen der beitepresset

synest vera høgast. For å oppnå ein svak bestandsreduksjon er det sett mål om å auke fellingstala på elg frå 54 felt elg i 2018 til 60 elg eller meir i 2023.

Kommunen har mål om å stabilisere kjønnsamansetninga til elgbestanden på dagens nivå og oppretthalda denne under 2 kyr sett per okse.

Med omsyn til elgbestanden sin kondisjonen og produktivitet, er det ei målsetting at uttaket av kyr over 160 kg skal vera så lite som mogeleg og uansett ikkje overstige 10 % av det samla jaktuttaket i kommunen. Denne målsettinga er ikkje til hinder for at vald og bestandsplanområder som ønsker å bruke lågare vektgrenser, kan gjera dette.

Rådyr:

Sirdal kommune ønsker å legge til rette for ei grunneigarstyrt rådyrforvaltning gjennom fortsatt tildeling av kvotefri jakt til vald som oppfyller minstekrava og ønsker dette.

Med utgangspunkt i at det vart registrert meir enn 10 trafikkdrepane rådyr i både 2017 og 2018, vil kommunen oppmode grunneigarar og vald til å auke avskytinga noko med sikte på ein svak bestandsreduksjon i løpet av målperioden 2019 - 2023.

Bever:

Beveren er ein nøkkelart for biologisk mangfald. Sirdal kommune har mål om å halde jaktpresset på eit nivå som sikrar at beveren ikkje vert fortrenkt, eller står i fare for å verta fortrenkt, frå sine naturlege utbreiingsområde i kommunen.

Kommunen ønsker å innhente data frå jegerane slik at ein kan få betre oversikt over kvar det vert felt bever og fortløpande vurdere behov for nærare kartlegging av bestanden i delar av kommunen der jakttrykket synest vera aukande.

Skader frå bever skal i første rekkje motarbeidast ved hjelp av førebyggjande tiltak, eller felling av skadegjerande individ innanfor ordinær jakttid.